

Referat SMU 06.02.2019

Til stade: Aina Espedal (elevråd), Sebastian Løland (elevråd), Inger Ann Gjulem Haukalid (FAU), Hege Tungland Langbakk (FAU), Gunleif Haukelid (politikar), Katrin Persche (andre tilsette) og Monica Helgøy (rektor)

Sak 01/19 Godkjenne referat

Referat godkjent

Sak 02/19 Elevundersøkinga

Rektor informerer. Skulen er nøgd med undersøkinga. For at me skal bli enda betre skal kvar klasse frå 5. – 10. bestemme to punkt som dei skal jobbe med, og felles på skulen skal det jobbast med tre punkt som sosiallærer har peikt ut. Desse punkta skal samanliknast til neste undersøking.

Sak 03/19 Foreldreundersøkinga

44 % har delteke i undersøkinga. Ut frå svara tolkar skulen at foreldre er nøgde. Skulen jobbar med ei felles rutine for korleis undersøkinga kan gjennomførast på ein betre måte.

Sak 04/19 Renovering og kunst

Skulen har fått pengar til renovering og kunst. Pengane skal mellom anna gå til renovering av inngangsparti, renovering av kjeller under administrasjon, ventilasjon i kjellar, skulekjøkken, veggkunst og dei noverande kulturskulelokala.

Sak 05/19 Sosiale tiltak i skulen

Det er kome fram eit ønskje om skulekor. Skulen er positiv til dette og har begynt å sjå om og korleis ein kan få dette til. I tillegg er det kome ønskje om å drive Fargespill som ein del av korøvingane.

Mellomtrinnet, først og fremst 7. klasse, skal på fotballturnering. Til neste år blir det 7. klasse for 2019-2020 som har første prioritet, og 6. og 5. er med på å fylla opp laget ved loddtrekning, om ikkje 7. klarar å stille lag sjølve.

Sak 06/19 Skulefest

20. februar er det open skule frå klokka 17 – 20. Heile bygda er invitert. For elevane er det obligatorisk, mot avspasering ved ei seinare anledning. Festen startar i idrettshallen med velkomen, kor og informasjon. Deretter går alle til skulen. Det blir mellom anna sal av mat frå flyktningetenesta, sal av ting laga av ungane og lotteri. Overskotet frå festen går til fadderskulen vår i Bolivia.

Sak 07/19 Eventuelt

Det blei orientert om første utkast på oppussing av den gamle gymsalen.

Nytt møte er 08.05.2019 klokka 19.00

Forsand 12.02.2019

Referent

Katrin Persche